

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

Fylkestinget ønskjer at dei 55 millionar årleg som er sett av til reduksjon av bompengebelastninga i Bergen skal kome barnefamiliar til gode. Utviding av timesregelen frå 1 til 3 timer, som vil bidra til at fleire kan delta i fritidsaktivitetar utan dobbelbelastning, skal vurderast. Fylkestinget viser til at staten gjennom brev til bystyret i Bergen av 14.11.2019 er positiv til ei utviding av timesregelen.»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, Sp, MDG og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Fylkestinget ber om ei sak der ulike former for takstreduksjon på dagens kollektivpriser vert belyst, til dømes kostnadane knytt til innføring av 40% rabatt for studentar på einskildbillett, samt kostnadar ved å gjere det gratis å ta med barn under 12 år på vaksenbillett i veka.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp og FNB) for Bjørkly sitt forslag, som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (Frp og FNB).

Hammer sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til reduksjon av bompengetakstar i ytre bomring, innanfor rammene av 55 mill. kroner årleg.

2. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til takstreduksjon for kollektivreisande med periodebillett. Framlegget til takstreduksjon gjeld for takstområde for buss og bybane i Hordaland, innanfor rammene av 50 mill. kroner årleg.

3. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til prosjektlister for avtaleperioden.

4. Fylkestinget ber om ei sak der ulike former for takstreduksjon på dagens kollektivpriser vert belyst, til dømes kostnadane knytt til innføring av 40% rabatt for studentar på einskildbillett, samt kostnadar ved å gjere det gratis å ta med barn under 12 år på vaksenbillett i veka.